



Arkivsaknr: 2024/634-31
Sakshandsamar: Tone Margrethe Bærland
Furustøl
Avdeling:

SAKSFRAMLEGG

Klage på dispensasjon og rammeløyve til etablering av naust – gbnr 40/112

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Nabomerknader og klagen fra rettighetshaverne for tinglyst servitutt for båtslepp på gbnr 40/112 i sak 2024/634, begge datert 21.05.2024, vert ikkje teke til følge.

Vedtaket av 06.05.2024 vert oppretthalden og lyder:

«Det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealformål og byggeforbudssone for naust. Dispensasjonen er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for etablering av naust på eigedom gbnr 40/112. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan vedlagt søknad med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Arbeid kan ikkje ta til før det ligg føre løyve til igangsetting. Før det vert gjeve igangsettingsløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

1. Det skal foreligge løyve frå Bergen Hamn til utfylling i sjø for tiltaket som det søkast om.

Tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-. Før det vert gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

SAKSUTGREIING

Administrativt saknr. 456/2024

Tiltak:	Naust 40m ² BRA og båtslepp – begge plassert på gbnr 40/112
Søknadstype:	Dispensasjon og søknad om tiltak - rammeløyve
Eigedom:	Gbnr. 40/112
Adresse:	5957 Myking
Tiltakshavar/eigar:	Kjell Rune Melingen og Ann-Kristin Edvardsen – gbnr 40/112 sidan 07.12.2012
Klagar:	1. Helge Fimland- eigar av gbnr 40/96 og rettighetshavar for tinglyst servitutt (rett) for båtslepp på gbnr 40/112 2. Magnar Skauge- rettighetshavar for tinglyst servitutt (rett) for båtslepp på gbnr 40/112

Saka gjeld klage på delegert vedtak av 06.05.2024 om dispensasjon frå kommuneplanens arealformål og byggeforbudssone for naust – gbnr 40/112. Vedtaket av 06.05.2024 kolliderer med tinglyst servitutt for etablering av båtslepp på gbnr 40/112. Den tinglyste retten/eigarskapen for båtsleppet seier ikkje eksakt kor båtsleppet skal plasserast, kun at det er på gbnr 40/2. Gbnr 40/112 er skilt ut frå gbnr 40/2. Tinglyst rett for båtsleppet følgjer automatisk frå gbnr 40/2 til frådelt eigedom gbnr 40/112. Den tinglyste retten er både på gbnr 40/2 og 40/112.

Vedtaket av 06.05.2024 har følgjande ordlyd:

«Det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealformål og byggeforbudssone for naust. Dispensasjonen er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for etablering av naust på eigedom gbnr 40/112. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

2. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan vedlagt søknad med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Arbeid kan ikkje ta til før det ligg føre løyve til igangsetting. Før det vert gjeve igangsettingsløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

2. Det skal foreligge løyve frå Bergen Hamn til utfylling i sjø for tiltaket som det søkast om.

Tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-. Før det vert gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:»

Historikk - kort

Saka har ikkje vore handsama av noverande APM tidlegare. Plassering av naust og plassering av båtsleppet har ei lengre sakshistorikk hos kommunen dei siste åra med fleire saker.

I sak 21/5445 – gbnr 40/2, så gav kommunen den 01.06.2022 vedtak om etablering av båtopptrekk på 1m bredde og 15m lengde på gbnr 40/2. Tiltakshavarane var Helge Fimland og Magnar Skauge. Vedtaket vart påklaga og klagarane var Kjell Rune Melingen og Ann-Kristin Edvardsen. Kommunen uttalte i klagehandsaminga at «Den tinglyste retten/eigarskapen for båtsleppet seier ikkje eksakt kor båtsleppet skal plasserast, kun at det er på gbnr 40/2». Vedtaket frå kommunen vart stadfesta av Statsforvaltaren den 22.12.2022, sjå siste vedlegg til saksframlegget. Statsforvaltaren presiserte at det lå føre to vedtak frå kommunen om plassering av tiltak som kolliderte med kvarandre. Det gjaldt vedtak om oppføring av naust på gbnr. 40/112 (3 års frist er gått ut) og løyve til etablering av båtopptrekk på same areal (3 års frist er ikkje gått ut).

Kjell Rune Melingen og Ann-Kristin Edvardsen har i noverande sak 2024/634 søkt om og er gjeve dispensasjon og rammeløyve til naust på gbnr 40/112 i vedtak, datert 05.06.2024.

Det ligg føre løyve til utfylling i sjø for oppføring av naust på gbnr 40/112 frå Bergen hamn, datert 08.06.2024

Det er gjeve løyve til igangsetting for oppføring av naust den 26.06.2024.

Bakgrunn – sak 2024/634

På situasjonskartet, som er vedlagt søknaden og ikkje målsatt, så er båtsleppet delvis plassert på gbnr 40/112 og 40/2.

Det ligg føre tinglyst av avtale (servitutt), tinglyst 02.12.1994, for gbnr 40/96 (Helge Fimland) og gnr 40/100 (Magnar Skauge). Tinglyste avtale gir rett til «vederlagsfritt å lage/utbedre eksisterande slipp/båtopptrekk på gbnr.40 bnr.2». Gbnr 40/112 er frådelt frå gbnr 40/2. Den tinglyste avtale gjeld både gbnr 40/2 og 40/112. Det følgjer ikkje eit kart med den tinglyste avtalen. Det er i den tinglyste avtalen ikkje opplyst kor den private retten skal vere plassert på gbnr 40/112.

I dag krevjar Statens Kartverk kart vedlagt ved tinglysing av private rettar som gjeld plassering til dømes båtslepp, vegar, vatn- og avløpsanlegg mv. Dette for å unngå konflikter i ettertid kor plasseringa skal vere.

Det ligg føre to orskurd (kjennelser) om mellombels forføyning (23.03.2023 og 30.05.2023). Saksøkar var Helge Fimland (klagar) og saksøkte var Kjell Rune Mellingen (tiltakshavar). Hovudkravet frå saksøkar var synt i slutning pkt. 1 i mellombels forføyning av 23.03.2023:

«Grunnarbeidet på naustet på gnr. 40 bnr. 112 skal stoggast inntil det vert klart at båt slippen på gnr. 40 bnr. 2 ikkje vert eliminert og likeins at grunnarbeidet på gnr. 40 bnr. 112 ikkje krenkjer den tinglyste retten til å bruke båt slippen i dette området.

Partane er ueinige om slutning pkt. 1 av 30.05.2023 er oppfylt:

«Stoggen i grunnarbeidet på naustet på gnr. 40 bnr. 112 i Alver kommune fell bort straks kjettinggjerdet og steinmassane som ligg inntil skinnene for båt slippet er fjerna av Kjell Rune Melingen.»

Ifølgje slutning pkt. 2 av 30.05.2023 :

«Fram til rettskraftig avgjerd om hovudkravet ligg føre må grunnarbeidet på naustet på gnr. 40 bnr. 112 ikkje krenkje den tinglyste retten til å bruke båt slippet i området der denne no ligg og slik denne kan brukast pr. no.»

Slutninga pkt. 3 og 4 av 30.05.2023, krev at det vert reist sak innan 01.06.2023 for Forliksrådet. Viss ikkje, så vil sikringssum, som saksøker måtte stille til sikkerheit, felle bort. I følgje tiltakshavar, så er sikringssummen tilbakebetalt til Helge Fimland.

Det er ikkje mottatt opplysningar frå partane om at saka er forfulgt rettsleg med sak for forliksrådet, om saka er vidare handsama av rettsapparatet eller om det ligg føre rettskraftig avgjerd om hovudkravet i saka.

På denne bakgrunn legg kommunedirektøren til grunn at plassering av naust og båtslepp på gbnr 40/112, som er privatrettslege tilhøve, ikkje har funnet si løysing i rettsapparatet.

Dagens situasjon er at grunneigar og tiltakshavar, Kjell Rune Melingen, er gitt løyve den 06.05.2024 til å oppføre naust. Samtidig så har klagarane, Helge Fimland og Magnar Skauge, ein tinglyst rett til plassering av båtslepp på gbnr 40/112 utan at avtalen seier kor plasseringa skal vere og det er ei heller rettsleg avklart kor plasseringa skal vere.

Vurderingstema APM

Nabomerknadane er ikkje vurdert ved søknaden slik det er krav etter pbl. § 21-2, jf. SAK (Byggesaksforskriften) § 5-4 tredje ledd bokstav n. Situasjonsskartet er ei heller målsatt, jf. pbl. § 21-2 og SAK § 5-4 tredje ledd bokstav m. Dette er sakshandsamingsfeil ved søknaden. Resultatet av sakshandsamingsfeil kan vere at vedtaket er ugyldig, ny vurdering av søknaden og endringsvedtak.

Spørsmålet om sakshandsamingsfeil vurderast opp mot fvl. § 41 om verknaden av feil ved sakshandsaminga. Dersom feilen ikkje har verka in på vedtakets innhald, så er vedtaket av 05.06.2024 likevel gyldig.

I klageomgangen, så vert nabomerknader, situasjonsskartet samt klagen vurdert for å avgjere om sakshandsamingsfeil ved søknaden har verka in på vedtakets innhald, jf. fvl. §41. Det må avgjerast om klageomgangen kan reparere dei sakshandsamingsfeil som ligg føre ved handsaminga av søknaden.

Etter dette er det plasseringa av naustet og plassering av tinglyst rett for båtsleppet på same areal på gbnr 40/112 som er kjernen i klagen/tilsvar. Det er ikkje sjølv dispensasjonen eller tiltaket naust som er påklaga. Vurderinga rundt desse forholda vert ikkje vidare kommentert.

Klage

Kommunen har mottatt klage frå Helge Fimland- eigar av gbnr 40/96 og rettigheitshavar for tinglyst servitutt for båtslepp på gbnr 40/112.

Kommunen har mottatt klage frå Magnar Skauge- rettigheitshavar for tinglyst servitutt for båtslepp på gbnr 40/112.

Klagerett og klagefrist

Helge Fimland- eigar av gbnr 40/96 er nabo og har klagerett som part i saka.

Helge Fimland og Magnar Skauge er rettigheitshavar for tinglyst servitutt for båtslepp på gbnr 40/112, der det også er gjeve dispensasjon og rammeløyve til oppføring av naust. Klagarane har interesse i plassering av naustet på gbnr 40/112. Plasseringa av naustet er bestemmende for klagaranes rett til å kunne plassere båtsleppet på gbnr 40/112 i tråd med den tinglyste avtalen, sjå definisjonen av enkeltvedtak i forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b) og klageadgang for enkeltvedtak, kap. VI. Klagarane har rettsleg klageinteresse, jf. fvl. § 28 første ledd andre alternativ.

Vedtak av 06.05.2024 er sendt ut same dag. Klagene er rettidig mottatt (innan rett tid) den 21.05.2024.

Vidare sakshandsaming

Om klagen ikkje vert teke til følge vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd så snart møtebok ligg føre, og seinast innan 2 veker etter møtedato.

Om klagen vert teke til følge, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som fritidsbustad.

Dispensasjon


Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremål og byggegrense.

Uttale frå anna styresmakt


Det er ikkje mottatt høyringssvar frå anna styresmakt.

Kart/foto

Oversikt




Grøn – gbnr 40/112. Deler av beige – gbnr 40/2



Norge i bilder



Situasjonskart, datert 19.02.2016



Skinner til båtslepp



Målt avstand del av naust - båtslepp

Tiltakshavar; 1m



Klagarane; 0,82cm -0,88



Klagegrunnar

Klagene og tilsvar til klage er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Hovudkonflikten er privatrettsleg plassering av naust og båtslepp på gbnr 40/112.

Tiltakshavar meiner rett avstand frå naust til båtslepp er 1m, sjå kart/foto. Klagarane meiner rett avstand frå naust til båtslepp er 1,2m. Klagarane viser at avstanden no er på 0,82-0,88cm, sjå kart/foto.

Nabomerknadene til søknaden frå begge klagarane har ikkje vore handsama. Magnar Skauge påpeker sakshandsamingsfeil ved at han ikkje er nabovarsla samt at hans nabomerknad ikkje er handsama. Helge Fimland viser til at situasjonskartet ikkje er målsatt og kartet viser ikkje avstand til båtsleppen. Han ønsker å få sin nabomerknad handsama i klageomgangen.

Det vert vist til klagene og tilsvar i sin heilskap som følgjer vedlagt.

VURDERING

Klagarane er ikkje negativ til naustet såframt avstanden til båtsleppet vert 1,2m. Dette for å sørje at ein stor båt kan nytta båtsleppet då 1 m er for lite. Tiltakshavar meiner 1m er tilstrekkeleg for å nytte båtsleppet.

Nabomerknaden frå Helge Fimland var vedlagt søknaden frå tiltakshavar. Magnar Skauge sin nabomerknad vart sendt direkte til kommunen. Nabomerknadane er ikkje vurdert av kommunen, jf. pbl. § 21-2 og SAK (Byggesaksforskriften) § 5-4 tredje ledd bokstav n. Situasjonskartet er ei heller målsatt, jf. pbl. § 21-2 og SAK § 5-4 tredje ledd bokstav m.

Dersom desse tilhøva hadde vore vurdert av Byggesak på tidspunktet for søknaden, så kunne nabomerknadane og situasjonskartet ha vore svart ut i løyvet. Dette er grunnleggande sakshandsamingsfeil. Sakshandsamingsfeil må vurderast opp mot fvl. § 41 om verknaden av feil ved sakshandsaminga. Dersom feilen ikkje har verka in på vedtakets innhald, så er vedtaket likevel gyldig.

Vurdering nabomerknad/klager

Det følgjer av pbl. § 21-6:

«§ 21-6.Privatrettslige forhold

Med mindre annet følger av loven her, skal bygningsmyndighetene ikke ta stilling til privatrettslige forhold ved behandling av søknad om tillatelse. En søknad skal avvises dersom det fremstår som åpenbart for bygningsmyndighetene at tiltakshaver ikke har de privatrettslige rettigheter søknaden forutsetter. Dette gjelder likevel ikke når det er reist sak for jordskifteretten om det privatrettslige forholdet. Tillatelse etter denne lov innebærer ingen avgjørelse av privatrettslige forhold. Kommunen kan fastsette frist for supplering av søknaden.

[Forvaltningsloven kapittel VI](#) om klage og omgjøring gjelder ikke for bygningsmyndighetenes avgjørelser om ikke å ta stilling til privatrettslige forhold.»

Spørsmålet er om søknaden skulle ha vore avvist då det er «åpenbart» at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege rettar søknaden forutsett, pbl. § 21-6 første ledd andre punktum. Lovens ordlyd tilseier at bygningsmynde kan la være å realitetsbehandle søknader når det er helt klart – jf. lovens ordlyd «åpenbart» - at tiltakshavar manglar dei naudsynte privatrettslege rettar. Terskelen for å avvise en søknad er høy. Det ligg føre ei viss undersøkingsplikt for kommunen. Lovgivar uttaler i forarbeidane at avvisning er:

«forbeholdt de klare tilfella, for eksempel der det framgår utvitydig av offentlege register, dommar, avtaler eller lignende at tiltakshavar ikkje har de privatrettslege rettighetene som søknaden forutsetter»¹.

Tiltakshavar er grunneigar av gbnr 40/112. Situasjonskartet synar at naustet er plassert på gbnr 40/112 og parallelt vegg i vegg med nabonaust samt at det ikkje er endeleg rettsleg

¹ Prop. 99 L (2013-2014) s. 102-103.

avklart ved dom kor plasseringa av båtsleppet skal vere. Dermed er det ikkje «åpenbart» at tiltakshavar manglar dei nødvendige privatrettslege rettar slik søknaden forutsett, jf. pbl. § 21-6. Søknaden skal ikkje avvistast.

Sakshandsamingsfeilen, ved å ikkje vurdere mottatte nabomerknadar saman med søknaden og manglande målsatt situasjonskart, har ikkje verka inn på vedtakets innhald. Innhaldet i nabomerknadane/klagene er reint privatrettsleg og kan ikkje føre fram. Vedtaket av 05.06.2024 er likevel gyldig, jf. fvl. § 41.

Rammeløyve er et offentlegrettsleg løyve. Løyve etter plan- og bygningsloven er ikkje ei avgjerd av i privatrettslege forhold som partane er uenige om, se pbl. § 21-6 første ledd fjerde punktum. I forarbeida er det presisert at:

«En tillatelse fra bygningsmyndighetene gir ikke tiltakshaver en ubetinget rett til å gjennomføre tiltaket. Det er tiltakshaver som har ansvaret og bærer risikoen for at eventuelle privatrettslige forhold som kan være til hinder for tiltaket, er avklart før eventuelt arbeid påbegynnes.²

Kjell Rune Melingen har difor ansvaret og risikoen for at hans naust ikkje krenker retten til Helge Fimland og Magnar Skauge sin til å nytte båtsleppen på gbnr 40/112.

På denne bakgrunn vert det ikkje realitetshandsama kva som er rett løysing i saka for båtsleppets plassering i forhold til naustet. Det er privatrettsleg tilhøve som kommunen ikkje skal avgjere, jf. pbl. § 21- første ledd første punktum.

Dersom nabomerknadene hadde vore handsama ved søknaden, så ville dei ikkje ha ført fram då kommunen ikkje skal ta stilling til privatrettslege tilhøve. Det kan ikkje klagast på kommunen si avgjerd om å ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve. Noverande klage på vedtaket av 05.06.2024 ville difor ha blitt avvist. Lovgjevar sin hensikt med å gjere unntak frå klageretten, er å redusere moglegheita for omkampar i forvaltninga om privatrettslege forhold.³ Dette har samanheng med formålet bak pbl. § 21-6. Føremålet er å sikre effektiv og rask byggesaksbehandling.

Konklusjon

I klageomgangen er nabomerknader/klager og situasjonskartet vurdert for å avgjere om sakshandsamingsfeil ved søknaden har verka inn på vedtakets innhald, jf. fvl. § 41.

Nabomerknadar/klager fører ikkje fram i klageomgangen. Sakshandsamingsfeil ved søknaden har difor ikkje verka in på vedtakets innhald, jf. fvl. § 41.

Det er kommunedirektøren si vurdering at klageomgangen har reparert dei sakshandsamingsfeil som lå føre ved handsaminga av søknaden. Vedtaket av 05.06.2024 er likevel gyldig, jf. fvl. § 41.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at nabomerknadar/klager ikkje vert tatt til følge.

² Prop. 64 L (2020-2021) s. 56.

³ Prop. 64 L (2020-2021), s. 56.

GENERELL INFORMASJON

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Vedlegg

- 1 Byggesøknad Naust - del 1
- 2 Brev Lindaas kommune dispensasjonsøknad naust.pdf
- 3 vedlegg1-5.pdf

- 4 Epost - Dispensasjonssøknad - Søknad om bygging av naust - gbnr. 40/112 - del 2
- 5 Opplysninger gitt i nabovarsel.pdf
- 6 nabovarsel kvittering.pdf
- 7 Nabovarsel bekreftelser
- 8 Opplysninger til saka - gbnr 40/112
- 9 Løyve til etablering - Gbnr 40/112 - Rammesøknad
- 10 Tillatelse etter havne- og farvannsloven.PDF
- 11 Godkjent kartutsnitt.PDF
- 12 Klage til saknr: 2024/634 - gbnr 40/112
- 13 Klage på sak 2024 634.pdf
- 14 Tinglyst avtale om veg slipp etc.pdf
- 15 Kjennelse midlertidig forføyning Hordaland tingrett sak 23-045386TVI-THOD 23.03.23.pdf
- 16 Svar på klage - gbnr 40/112
- 17 112 Svar på klage av 21.05.2024.docx
- 18 Stadfesta mottatt klage
- 19 Klage på sak 2024 634.pdf
- 20 brev.pdf
- 21 Kommentar til brev
- 22 E-post
- 23 40 112 5151-soknad-om-igangsettingstilatelse juni 2024 signert.pdf
- 24 Søknad om igangsettingsløyve - gbnr 40/112
- 25 Svar på klage av 21.05.2024
- 26 Sak 2024 634 Svar på klage av 21.05.2024 Melingen.pdf
- 27 Svar på klage av 21.05.2024 Offl. § 13 1. ledd, jf.
Fvl. § 13 1. ledd
- 28 Svar på klage av 21.05.2024 Offl. § 13 1. ledd, jf.
Fvl. § 13 1. ledd

- 29 Løyve til igangsetting av - Gbnr 40/112 - - Søknad om igangsettelse
- 30 Spørsmål om oppstart av arbeid - gbnr 40/112
- 31 Svar på spørsmål om oppstart av arbeid
- 32 Klageavgjerd Statsforvaltaren - Etablering av båtopptrekk - gbnr 40_2 Hodneland